

Samla saksframstilling

Reiselivsorganisering - prosjekt

Saksbeh.:	Karina Nerland	Arkivsaksnr:	11/1042
		Arkivkode:	U64
Saksnr.:	Utval	Møtedato	
8/11	Sogn regionråd	17.06.2011	

Vedtak:

Sogn regionråd set i gang forprosjekt for eit felles reiselivsselskap. Det vert teke atterhald om at forprosjektet vert fullfinansiert.

Sogn regionråd set av kr 125 000 av regionale utviklingsmidlar for 2011 for å delfinansiera forprosjektet.

Tilråding:

Sogn regionråd set i gang forprosjekt for eit felles reiselivsselskap. Det vert teke atterhald om at forprosjektet vert fullfinansiert.

Sogn regionråd set av kr 125 000 av regionale utviklingsmidlar for 2011 for å delfinansiera forprosjektet.

Vedlegg:

Prosjektplan - reiselivsorganisering

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har samhandling som eitt av sju strategisk handlingsområde. For å nå måla i planen blir det peika på at "ein bør også ha kontinuerleg diskusjon rundt fellesfunksjonar i reiselivet og optimal samhandling for å løyse desse oppgåvene (rolledeling og organisering)".

Regionsenterkonferansen som vart arrangert i fjor haust med formannskapsmedlemene i dei sju kommunane munna ut i eit felles reisemålsselskap som eit av oppdraga til regionrådet. Vi har teke inn i tiltaksplanen for 2011 at vi skal bidra til eit felles reisemålsselskap i Sogn. Organisering av reiselivet var også ein av utfordringane frå fylkeskommunen i regionrådsmøtet 3. desember.

Reiselivsgruppa hadde møte den 9. mars for å drøfta oppstart av arbeidet med reiselivsorganisering. På møtet deltok Arne Glenn Flåten frå Visit Sognefjord og Ståle

Brandshaug frå Høgskulen. Tema i møtet var fordeler og ulemper med eit felles reisemålsselskap, døme andre stader i landet, aktuelle aktørar undervegs i prosjektarbeidet og aktuell framdrift for eit forprosjekt.

Reiselivsgruppa konkluderte med å leggja fram sak for rådet som tek stilling til evt. oppstart av eit forprosjekt, og saka vart lagt fram for rådet i møtet 1. april. Sogn regionråd vedtok at administrasjonen og reiselivsgruppa utdjupar dagens situasjon og mål i ein forstudie før rådet tek stilling til eit evt. forprosjekt. Reiselivsgruppa hadde møte den 31. mai der Flåten og Brandshaug også deltok. Endra prosjektplan følgjer vedlagt.

Vurdering:

Eit forprosjekt vil synleggjera korleis både lokale og regionale oppgåver kan ivaretakast i eit regionalt selskap.

Administrasjonen rår til at Sogn regionråd startar opp eit forprosjekt som kartlegg dagens ressursbruk og aktivitetsnivå og som kjem med forslag til mogelege regionale organisasjonsmodellar. Korleis den nye organiseringa ivaretek lokale og regionale oppgåver er sentralt. Ei slik utgreiing vil gje kommunane og næringa eit beslutningsgrunnlag til å avgjera om dei ønskjer eit felles, regionalt reisemålsselskap eller ikkje.

Sogn regionråd sitt bidrag vil vera å setja i gang eit forprosjekt og rådet vert prosjekteigar. Det er viktig med ein open og brei prosess. For å ivareta dette vil rådet evt. reiselivsgruppa saman med prosjektleiar oppnemna referansegruppe med sentrale aktørar og ressurspersonar i og gjerne utanfrå fylket.

Administrasjonen rår til at vi søker fylkeskommunen om kr 125 000 til gjennomføring av eit forprosjekt og at regionrådet set av kr 125 000 av regionale utviklingsmidlar.

Konklusjon: Felles reisemålsselskap kan vera eitt av fleire virkemiddel for å styrka samkøyinga av reiselivsutviklinga og auka lønsemda i reiselivsnæringa. Sogn regionråd sitt bidrag vil vera å starta opp eit utgreiingsprosjekt for å få vurdert andre måter å organisera reiselivet på. Vedlagt følgjer prosjektplanen som gir oversikt over m.a. mål, mandat, ressursar og organisering.